



Bekymringsskala – foreldre

Dette er eit verktøy som kan hjelpe deg med å avklare bekymringa di knytt til foreldre til eit barn du har kjennskap til gjennom arbeidet ditt. Skalaen er eit arbeidsverktøy som viser kva du kan fokusere på viss foreldra si åtferd gjer deg bekymra for eit barn eller ein ungdom. Ved hjelp av denne bekymringsskalaen kan du i samarbeid med leiar / kollega gi ei klar og fagleg vurdering av ein vanskeleg situasjon.

Det er viktig å huske på at problem på ulike tidspunkt i livet kan gi forskjellige plasseringar på bekymringsskalaen, og di vurdering er eit bilet av augneblikket. Ein familie kan vere i ein belastande situasjon (til dømes skilsmisse eller dødsfall), noko som kan gi seg utslag i ei åtferd som vekker bekymring. Det er også viktig å huske på at skalaen er eit internt verktøy som kan hjelpe medarbeidarar til å utføre best mogleg skjønn. Når du og leiaren din har vurdert graden av bekymring for ein foreldre til eit barn de har kontakt med, skal de avgjere kva som skal skje vidare. Verktøyet skal nyttast som eit hjelpemiddel for å konkretisere ei «magekjensle». Det er mange faktorar og nyansar som skal vektleggast i ei vurdering, og det er viktig å forsøke å samle fleire moment som til saman kan danne eit heilsakleg bilet av situasjonen.

Husk alltid å involvere foreldra.

Viktig: Signal frå foreldre med alkoholproblem, anna rusmis bruk eller psykiske vanskar er svært ulike frå person til person. Denne bekymringsskalaen er altså rettleiande og det er viktig at du snakkar med leiaren din om bekymringane dine slik at observasjonane dine får fleire nyansar.

Meldeplikt: Meldeplikta er personleg. Det vil seie at dersom du vurderer at bekymringa di krev at du informerer barneverntenesta eller helsestasjonen (gjeld gravide som ruser seg i svangerskapet), skal du gjere det.

Sjå også rettleiar «Vold i nære relasjoner – for deg i kontakt med barn og unge» Symptomer på at barn og unge er utsatt for, eller vitne til vold :

<http://www.tromso.kommune.no/vold-i-naere-relasjoner.244323.no.html>



Bekymringsskala - foreldre			
Ver merksam		Grunn til bekymring	
Familiar med generelt god trivsel.	Familiar med redusert trivsel. <i>Meldeplikta kan utløysast.</i>	Signal hos foreldre med misbruks-problematikk eller psykiske vanskar. <i>Meldeplikta kan utløysast.</i>	Signal hos foreldre som utløysar meldeplikta til barnevern / politi. <i>Akuttplassering av barnet? Situasjonen må verte individuelt vurdert.</i>
Foreldreomsorga er god. Foreldra søker rettleiing viss barnet deira i ein periode ikkje trivst. Foreldra søker hjelp ved å kontakte lege, helsestøster, barnehage, skule eller liknande.	Foreldra begynner å møte opp ustabilt. Foreldra begynner å la andre hente og levere barnet eller let vere å delta på møte og arrangement. Foreldra sluttar å overhalde avtalar, melder avbod i siste liten eller kjem med usannsynlege eller fantasifulle forklaringar på kvifor dei ikkje kan delta på møte eller anna som vert arrangert av skulen / barnehagen.	Den fysiske framtoninga er prega av: <ul style="list-style-type: none">- Raudmussa ansiktsfarge eller rauda auge om morgenon- At vedkomande går raskt opp eller ned i vekt- Dårleg personleg hygiene- Hyppig sjukdom- Lukt av alkohol Den psykiske framtoninga er prega av: <ul style="list-style-type: none">- Irritasjon- Isolasjon- Skiftande humør- Usikkerheit- Nervøsitet/angst Sosialt kan den voksne vere prega av: <ul style="list-style-type: none">- Dårleg økonomi og usikker jobbsituasjon- familieproblem	Foreldreomsorga manglar heilt. Foreldra er sterkt belasta i form av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske og/eller nettverksmessige faktorar. Ulike tiltak er forsøkt utan resultat. Foreldre møter rusa opp for å hente barnet (lukt av alkohol, aggresjon, snøvling, flakkande blikk, usamanhangande prat, etc.) Mistanke om vald anten mot ein forelder eller mot barnet. NB! Sjå http://www.kriseportalen.no
Utfordringane handterast på tenestestaden.		Utfordringane krev bistand frå andre.	Tverrfagleg samarbeid. Ulike fagpersonar med spesialkompetanse er involvert.
Nivå 0-1		Nivå 2	Nivå 3